



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 16/3806-4

Selskapskontroll 2016 - Eigarskapskontroll Fjord1

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:

1. Notat etter gjennomført kontroll av eigaroppfølging Fjord1 vert teke til etterretning.

Vedlegg:

1. Notat etter gjennomført kontroll av eigarutøvinga av Fjord1
2. Verifisert intervju av styreleiar i Fjord1, Pål W. Lorentzen, offentleg versjon
3. Verifisert intervju av fylkesordførar Jenny Følling, offentleg versjon
4. Verifisert intervju av fylkesrådmann Tore Eriksen, offentleg versjon
5. Verifisert intervju av styreleiar i F1 Holding, Jan Øhlckers, offentleg versjon

Andre dokument som ikkje liqg ved:

1. Brev frå F1 Holding til styremedlemmane i Fjord1 som var innstilt av fylkeskommunen, datert 8. desember 2015 **U.off jf. OFL § 23, 4. ledd**
2. Notat frå kontaktmøta med styremedlemmane i Fjord1 som var innstilt av fylkeskommunen, 15.01.16, 01.03.16, 28.04.16 **U.off jf. OFL § 23, 4. ledd**
3. Notat frå eigarmøta med Havila 08.01.16 og 04.04.16 **U.off jf. OFL § 23, 4. ledd**
4. Fem notat frå Selmer tinga av styreleiar i Fjord1, datert: 13.01.16, 01.02.16, 25.02.16, 08.04.16, 26.04.16 **U.off jf. OFL § 23, 4. ledd**
5. E-post frå styreleiar i F1 Holding datert 9. mai 2016 m/vedl. **U.off jf. OFL § 23, 4. ledd**

Desse dokumenta er distribuert til kontrollutvalsmedlemmane særskilt.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalsleiar sendte e-post til medlemmane i kontrollutvalet 21. april der han viste til oppslag i avis Firda datert 21. april angåande eigaroppfølging av Fjord1 AS.

Det vart innkalla til eit telefonmøte, som var gjennomført 27. april der kontrollutvalet vedtok følgjande:

1. Kontrollutvalet vil undersøke om fylkeskommunen si eigarutøving av Fjord1 AS er i samsvar med lover, reglar og fylkeskommunen sine eigne føringer for eigarutøving.

2. Kontrollutvalet ber sekretariatet innhente aktuelle dokument som referat, protokollar og innkallingar frå møtepunkt mellom fylkeskommunen og styret, eller deler av styret, i Fjord1 AS i 2016. Kontrollutvalet ber om innsyn i dei dokumenta styreleiar i Fjord1 AS la fram for fylkesutvalet 13. april.
3. Kontrollutvalet vil få gjennomført intervju med fylkesordførar, fylkesrådmann og styreleiar i F1 Holding AS i nær framtid for å få informasjon om fylkeskommunen si eigarutøving. I tillegg vil utvalet invitere styreleiar i Fjord1 AS til intervju om same tema. Utvalet går inn for at intervju skal gå føre seg 12. mai 2016.
4. Leiar i kontrollutvalet og eventuelt kontrollsjef vi vere til stades i fylkesutvalsmøte 4. mai under orientering og drøfting av rutinar om teieplikt.
5. Kontrollutvalet ber SF revisjon IKS om å vere delaktig i gjennomføringa av denne eigarskapskontrollen.
6. Kontrollutvalet har mål om handsaming av sak om eigarutøving i møte 31. mai 2016.
7. Kontrollutvalet vil gjennomføre undersøkingar i høve til påstandar om lekkasjar av dokument i tillegg til rutinar om å unnta dokument offentlegheit i samband med hendingar den seinare tid. Kontrollutvalet vil be fylkesrådmannen orientere utvalet om regelverk og rutinar i samband med å unnta dokument eller deler av dokumentoffentlegheit.

3. Vurderingar og konsekvensar

SF revisjon v/Marianne Vara og kontrollsjef Einar Ulla har utarbeidd eit notat etter dokumentgjennomgang og gjennomgang av intervjeta som var gjennomført 12. og 13. mai. Notatet er vedlagt saka. Referat av verifiserte intervju er også lagt ved saka, som er sendt til kontrollutvalet. Dei verifiserte referata er unntatt offentleg etter OFL § 23, 4. ledd – eigardokument.

Notatet har ikkje vore til høyring hjå fylkesrådmannen, men faktadelen har vore drøfta med fylkesrådmannen, men den er ikkje verifisert.